

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

18.søndag i treeiningstida - 23.sept. 2018

Preiketekst: Matt 8,5-13

Lesetekst I: 1 Kong 8,41-43

Lesetekst II: Rom 15,25-33

Ei forteljing om tru

Ein offiser kom og bad om hjelp. Ryktet hadde fortalt om Jesus, han som gjorde sjuke friske. Vi les om at Jesus ofte forbaud dei som fekk hjelp, å fortelja om det. Han ville ikkje ha oppstyr, sensasjon. I avsnittet før vår tekst lækjer Jesus ein spedalsk. "Sei ikkje dette til nokon," seier Jesus då (8,4). Slik sa han ofte, men ryktet spreidde seg likevel. Det spreidde seg som eld i turt gras. Klart det! Kven kunne teia når dei opplevde undergjerningar som så radikalt endra liv og lagnad!

Ein offiser og ein undergjerar

Mange bad om hjelp hjå Jesus, for seg sjølv og for sine nære.

Kva var då spesielt med at denne offiseren bad om hjelp?

Som offiser var han ein høgtstående mann med mange under seg, som han kunne bestemma over og gje ordrar til. Tenaren som var sjuk, "sette han svært høgt" (Luk 7,2). Han kunne gjera kva som helst for at han skulle verta frisk. Ryktet om denne Jesus som kunne lækja alle slags sjukdommar hadde han høyrte, no var undergjeraren i Kapernaum. Sjølv er offiseren etter alt å døma heidning, altså ikkje jøde, (v 10).

Men utifrå det vi les om denne hendinga hjå Lukas (Luk 7,1-10), har han godhug for jødedommen og for jødane i byen der han bur. "Han fortener at du gjer dette for han. For han elsker folket vårt, og det er han som har bygd synagogen vår." (Luk 7,4-5) I Lukas står det dessutan fortalt at offiseren ikkje gjekk til Jesus sjølv, men at han sende "nokre av dei jødiske eldste" for å tala hans sak (Luk 7,3).

Her hjå Matteus les vi at offiseren sjølv tek mot til seg og bed om hjelp. Dvs han beskriv situasjonen med enkle ord og reknar med at Jesus skjønner. Jesus skjønner og vil koma å lækja den sjuke. Dette utløyser ein underfundig samtale mellom offiseren og undergjeraren, mens folket står rundt og høyrer på.

"Sei berre eit ord"

"Eg er ikkje verdig til at du kjem inn under mitt tak", seier offiseren (v 8). Han kjenner på at det vil vera ei for stor ære at undergjeraren kjem inn i hans hus. Ikkje berre det, men han veit nok også at Jesus som jøde ville verta sermonielt urein ved å gå inn i ein heidning sitt hus. Det vil han ikkje utsetja han for! Og dessutan, han anar at han står framfor ein guddommeleg person som med berre eit ord kan lækja den sjuke tenaren. Derfor seier han: "Men sei berre eit ord, så blir tenesteguten min lækt"(v 8).

Offiseren si tankerekke er logisk: På same måte som han sjølv lyt lyda dei som står over han, lyt dei som står under han lyda han som er sjefen deira. Han seier ikkje meir, men for han er samanhengen klar: sjukdommen lyt lyda han som har guddommeleg makt.

Med den logiske tankerekka si seier offiseren: eg tru at du kan lækja tenaren min ved berre å seia eit ord, fordi du er Gud. Den vedkjenninga høyrer Jesus.

Jesus undra seg

”Då Jesus høyrde det, undra han seg” (v 10). Han undra seg over å finna ei slik tru hjå ein som ikkje var jøde, men heidning. I evangelia les vi ofte at folket undra seg over det Jesus sa og gjorde. At Jesus undra seg, er sjeldan å lesa.

Men her undrar Jesus seg over ein heidning si store tru. I Mark 6,6 les vi at Jesus undrar seg over at folket på hans eigen heimstad er så vantruande.

Han undrar seg over to paradoks: at ein heidning trur på Jesus; at han ikkje finn ei slik tru der forutsetningane ligg til rettes for at han skal finna det, blant Israels folk.

Frå aust og frå vest

Jesus knytter framtidvisjonar til offiseren si vedkjenning. I himmeriket skal menneske frå aust og frå vest, frå heile verda, sitja til bords med Abraham, Isak og Jakob. Guds lovnader gjeld alle folk.

I 1 Kongebok 8 står det om folk som ikkje høyrer Israel til: *”For dei får nok høyra om ditt store namn, di sterke hand og din utstrekke arm... då må du høyra dei i himmelen der du tronar, og gjera alt det dei ropar til deg om! Slik skal alle folk på jorda læra namnet ditt å kjenna, og dei skal frykta deg, liksom ditt eige folk, Israel...”* (1 Kong 8.42-43)

I Romarbrevet 15 skriv Paulus om forsamlingane i Makedonia og Akaia som står i gjeld til dei heilage i Jerusalem fordi dei har fått del i deira åndelege gåver (Rom 15,25-27).

Gud valde å visa sin kjærleik til alle menneske gjennom å senda sin einborne son Jesus til jorda, fødd som jøde. Gjennom trua på han har både jødar og heidningar adgang til gjestebodet i himmelriket. Men der er også eit *”mørkret utanfor”*, som blir skildra som alt anna enn eit gjestebod, ein stad der *”dei græt og skjer tenner”*(v 12).

I denne samanhengen står vi: å syta for at menneske av alle folkeslag får høyra om Guds store namn, hans sterke hand og hans utstrekke arm. Der er enno plass ved bordet, i gjestebodet i himmelens rike! Enno er det tid å seia ja, takk!

Slik ei tru”

Offiseren bed Jesus seia berre eit ord, ”så blir tenesteguten min lækt” (v 8). Skjer det? Etter at Jesus har teke eit langt steg både i tid og rom, er han tilbake i Kapernaum hjå offiseren og seier eit ord slik han bad om: ”Og Jesus sa til offiseren: ”Gå! Det skal skje, slik du trudde.” Og tenesteguten vart frisk i same stunda” (v 13).

Korleis er ”slik ei tru”?

Offiseren trudde at Jesus ville hjelpa ein heidning som han. Han trudde at Jesus kunne hjelpa sjølv om han ikkje var på staden der den sjuke var. Han trudde det kunne skje ved at Jesus sa berre eit ord.

Å tru er ”å leggja seg sjølv og heile si sak i Guds/Jesu hender”.

Slik uttrykkjer perefolket i Kamerun seg når dei vil seia at dei trur på Gud, på Jesus.

Alvhild Vassel Eide

Pensjonist. Tidlegare tilsett i NMS i Kamerun og Norge.

alvhild.vassel@gmail.com